

Grensejustering på kart for Sletten, gnr. 45

10.0520


Følgjande grenser ser ut til å innehalda feil:



1. Grense mellom 45/1 og 45/2 frå FV 399 til Gamlevegen.
2. Grense mellom 45/1 og 45/4/5 langs Kvernhuselva på innmarka
3. Grense mellom 45/1 og 45/4/5 frå Kvernhuselva og til Gamlevegen.

Oversiktskart pr. 09.04.20

Sletten gnr. 45



1. Grense mellom 45/1 og 45/2 frå FV 399 til Gamlevegen.

a. På innmarka:

Kartet viser at grensa **ikkje** følgjer grensegjerdet frå hovudvegen (FV399) og nedover. Det gjer det heller ikkje ved steingarden lenger nord-aust.

Dette medfører at ein vert usikker på om grensa vidare heller ikkje er korrekt.



Det første biletet er dagens flyfoto og tilhørende grense markert.

Det andre biletet er henta frå flybiletet frå 1967. Her kan ein sjå markering for merker. Desse samsvarar med det som står i utskiftingspapira frå 1892:

2. Linje mellom B.No 3 på søndre og B.No 2 nordre Side begynner i Mærkesten ved Indmarkens vestre side ca 175,0 m. nord for 1. linjes

Side 145-2:

Endepunkt, går i omtrent østlig Retning

ca. 138,5 til Mærkesten ca. 67 m. nordvest for det i 1. Linies beskrevne 2. Mærkepunkt, videre gaar Linien i omtrent nordøstlig retning 83 m. til Mærkesten 80 m. nord for 1. Linies

Utgangspunkt, videre i omtrent nordlig Retning efter et gammelt Bøggjerde ca 49,5 m. til Mærkesten og derfra i omtrent østlig retning til Mærkesten ved Indmarkens østre Side, hvor Linjen ender ca 135 m. nord for 1. linjes Udgangspunkt.


Ved å leggja grensa inn på flyfotoet der desse følgjer gjerde/steingard, grøft og det som elles kjem fram på flyfotoet, stemmer måla med det som er gjevne i utskiftingspapira (1892).

b. I utmarka:

Grenselinja vidare nedover mot Gamlevegen er beskriven slik ved at den tek utangspunkt i ein merkestein som tidlegare var grense mellom bnr. 1 og 3 ved Gamlevegen. Grensa tek til 321 meter langs Gamlevegen, i rett linje, frå den første merkesteinen:

.. vidare gaar Linien i omtrent nordvstlig Retning langs med nævnte Veis vestre Side ca 321 m. til Mærkesten (dette Maal taget i ret Linie) hvor Linien ender.

5. Linie mellem B.No 3 paa sydøstre og B.No 2 paa nordvestre Side, begynder i 3. linies Endepunkt, gaar i Retning V.S.V. ca. 300 m. og 181 m. til Mærkesten og derfra i samme Retning til Mærkesten ved Indmarkens østre Side, hvor den ender ca. 38 m. N.N.V. for den paa Indmarkens udsatte 2. Linies Endepunkt.



Biletet ovafor er også henta frå flybiltete frå 1967 der ein ser at grensemerket er markert i øvre biletkant. (NIBIO sine gardskart.)

Frå startpunktet ved Gamlevegen, går grensa opp mot innmarka. I utskiftningspapira frå 1892 er den skrive som linje 5.

2. Grense mellom 45/1 og 45/4/5 på innmarka:

Grensa skal følgja Kvernhuselva (skylddeling 1946), men på kartet er grensa lagt inn på 45/4/5.

Viser til vedlagt kart der 7 punkt er markert inn. Denne linja er den som gjeld iflg. Skyldelingsforretning av 03.08.1946.

Avstanden frå bygdevegen (FV399) og til pkt. på vedlagt kart skal vera 191 m.(mellom pkt. 5 og 7)

I skyldelingsforretninga står det om grensa mellom pkt. 3 og 4 på vedlagt kart:

" ... som begynner i kors i brustein på austre side av bygdevegen i grensa mot bnr.4, går derfra i nordaustlig retning langs "Kanalen" 153 m. til kors i berg på "Kanlaens" nordside, følger denne videre 38 m. til nedsatt merkestein."

På dei offisielle karta følgjer ikkje denne grenselinja "Kanalen". "Kanalen" er på dei offisielle karta omtalt som "Kvernhuselva".


På flybilete frå 1967 ser ein denne siste merkesteinen markert.

3. Grense mellom 45/1 og 45/4/5 frå Kvernhuselva og til Gamlevegen:

Denne grenselinja er også skriven i skylddeling frå 03.08.1946.

Eg har her teke utgangspunkt i merkesteinen der grenselinja ovafor slutta.

Herfrå går grenselinja mot søraust 52,5 meter. Her stod det før skylddelinga i 1946 ein merkestein. Dette er pkt. nr. 2 på linja. Grensa går vidare langs same linja 32 m til kross i berg (pkt. 3). Avstanden frå **pkt. 1 til 3 er derfor 84,5 meter.**



Pkt 1, 2 og 3 skal trekkjast nærare "Kanalen" all den tid pkt. 1 skal liggja rett på nordsida av "Kanalen".

I flg. skylddelinga er der ein kross **240 meter frå pkt 3**. Dette er markert som punkt 4. **Dette punktet er det ikkje teke omsyn til i dei offisielle karta.** Grenselinja mellom punkt 3 og 5 skal altså "innom" pkt. 4. Krossen i berget for punkt 4 er identifisert.


Avstanden mellom pkt. 3 og 5 skal i flg. skylddelinga vera $240\text{ m} + 360\text{ m} = 600\text{ m}$.

Desse avstandane får eg ikkje heilt til å stemma.

Nokre avstandar målte frå pkt 4:

- a. Til lysstolpe i sørleg retning for pkt. 4: 48 meter
- b. Til furu vest for pkt 4: 72 meter
- c. Til lysstolpe nordaust for pkt. 4: 36 meter

Målingane er utført vha. avstandsmålar der ein har forsøkt å måla i horisontalplanet.



Avslutningspunktet (pkt. 5) ved Gamlevegen ser ut til å vera nokolunde rett plassert på det offisielle kartet.

På dei offisielle karta går det ei **rett linje** frå pkt. 3 til punkt 5 til merke ved Gamlevegen.

I tillegg er det eit grensepunkt (kross) 240 meter frå merket, slik at linja skal ha ein knekk etter 240 meter. Underteikna og tidlegare eigar av 45/4/5, Karl Sletten, er samde om at det skal vera eit grensepunkt med kross der. Dette punktet er ikkje med på kartet.

Andre grenselinjer:

1. Grensene langs Gamlevegen:


I utskiftningane frå 1892 og 1946 står det at grensa skal vera på nedsida frå Gamlebrua og til den staden vegen kjem ned frå Sletten. Resten nord til Skauge går grensa på vestsida.

2. Grense mellom 45/1 og 45/4/5 nedafor Gamlevegen.

Her ser det ut til at startpunktet for grensa ved Gamlevegen ligg for langt inn på 45/4/5.

3. Grense Sletten/Skauge i utmakra austfor FV399:

Frå flybileter ser ein heilt klart at grensa ikkje følgjer grannegjerdet frå Gamlevegen og vidare nedover mot Storelva. Endepunktet for linja nede ved Storelva synes å vera korrekt.



Det same er tilfelle på oppsida av Gamlevegen.